

# Os kyrkjeblad



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 3 | 2023 | 78. årgang



| JUL I KYRKJA | NYTT SOKNERÅD | VINTERKALENDER |

# Sjå, eg skapar noko nytt!

Om du les denne utgåva av kyrkjebladet i førjulstida, eller kanskje når julefreden har senka seg, så er du kanskje ikkje heilt klar for å tenke framover på det nye året endå? Ein må liksom koma i mål med det gamle først. Her og no forsvinn vi lett inn i alt vi skal ha gjort, gjeremål som skal kryssast av lista. Det siste vi treng, er kanskje "noko nytt". Slik er det nok menneskeleg å tenke når det kokar ikring oss.

Når ein bikker nyttår og det nye året tek til, kan "det nye" kanskje arte seg annleis, som ein frisk start, eit høve til å byrje på nytt. Igjen er det menneskeleg å late seg rive med, og kanskje oppdager ein at ein har lagt lista for "det nye" vel høgt.

I kyrkja har "det nye året" allereie starta i adventstida. Kyrkjeåret tek til med ventetida på at Jesus blir fødd. Og kyrkja drivast frå dag til dag året rundt ved at Gud gjer som det står skrive i Bibelen: "Sjå, eg skapar noko nytt!" Det treng ikkje vere eit vidløftig nyttårsforsett eller ein heilt ny start. Kvar dag er ny og skapt til å levast i fellesskap med Gud og med kvarandre.

Difor håpar eg du finn inspirasjon til å ta til med noko nytt i år på veg gjennom dette bladet.

God lesnad, og godt nytt år!



**Sigurd Rotvik Tunestveit**  
Dagleg leiar, Os sokn



DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd

| Os kyrkjeblad

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

**Utgjevar**  
Os sokneråd  
Postboks 209, 5202 Os

**Soknerådsleiar**  
Tone Steinsund Hagevik  
tonehagevik@gmail.com

**Redaksjonsleiar**  
Sigurd Rotvik Tunestveit  
st575@kyrkja.no

**Abonnement**  
Bladpengar (frivillig) kr. 200/år  
Bankgiro 3201 53 26354  
Vipps 786791 | Merk betalinga "Bladpengar"  
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 300/år)

**Opningstid kontor**  
Øyro 49, 5200 Os  
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

**Kontakt**  
Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no

# EI STRIME AV VON

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julen i høgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjera best, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att. Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; i dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome:

**Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime. Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljós i det aller mørkaste.**

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram.

Det sårbare barnet i krubba synter seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljuset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.



**Ragnhild Jepsen**  
Biskop i Bjørgvin

*Vår grøne  
kyrkjelyd*

## Forsida

Utsnitt frå glasmaleria i koret i Os kyrkje.

Utført av glaskunstnar Bernhard Greve.

Kort med desse motiva er til salgs på kontoret i Tunet kyrkje- og kultursenter, til inntekt for barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Foto og kort av Torhild Amland Hope

## Trykk

Aksell | Opplag 9200

## Nettside

[www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)



Trykksak  
2041 0699



TRYKT I NORGE

# GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



Song og musikk er ein viktig del av fellesskapen på "Senior-Koinonia", som foregår annankvar torsdag i Tunet.  
(Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



Benjamin og Leon i bandet på ungdomsgudsteneste i Os kyrkje i november  
(Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



Hanne Dahl var ein av dei som leidde ungdomsgudstenesta i Os kyrkje.  
(Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



Fredagskvelder med ungdomsgudsteneste og Happening er kjekt! Frå venstre :  
(Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



Soknerådet var strålende nøgd med årets julemesse i Tunet laurdag 25. november. Nestleiar Per Gunnar L. Oseng og Jon Håkon Øen har vore med sidan 2019 og syter for kontinuitet i rådet. (Foto: Roar H. Eujedal)



KOReDu var blant kora som stod på scena under årets julemesse. (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)





*Det gjekk unna med åresalget i Storsalen på julemessan, og kvar einaste stol i Tunet var i bruk!*  
(Foto: Roar H. Evjedal)




*Nydelege kort med motiv frå glasmaleria i Os kyrkje, laga av Torhild Amland Hope, seljast til inntekt for barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.*  
(Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)




*Bergen pensjonistorkester, anført av dirigent Inge Fjørtoft, gjesta El-dretreffet i Klovartun i oktober. Over 60 osingar fekk oppleve musikk frå kjente musicals, Grieg og andre lokale komponister, flott framført av proffe pensjonistar og dyktige amatørar. Sanitetskvinnene serverte suppeog kaffimat.*  
(Foto: Bjørn-Atle Drange)



*Konfirmantleiarane Ludvik Hodneland Sundfjord og Jakob Nygård la igjen hemmingane heime då dei stilte til start i Globallopet under leiren "Camp Vestland" på Framnes i haustferien.*  
(Foto: Gro Helen Blindheim Skjælaaen)



*Blant mange kjekke aktivitetar på julemessan var nok ansiktsmåling eit høgdepunkt for fleire, mellom anna venninnene Aurora og Kristin. Dorthea venter spent på resultatet av Saras koncentrerte arbeid...*  
(Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



# OS SOKNERÅD 2023-2027

<b>Tone Steinsund Hagevik, leiar</b>	<i>f. 1980, familieterapeut</i>
<b>Per Gunnar Lunde Oseng, nestleiar</b>	<i>f. 1984, avd.leder/sosionom</i>
<b>Grethe-Inger Berge</b>	<i>f. 1953, pensjonist (lærar)</i>
<b>Christine Westgaard Lund Halland</b>	<i>f. 1973, lærar</i>
<b>Karl Ole Midtbø</b>	<i>f. 1955, pensjonist (dirigent)</i>
<b>Jon Håkon Øen</b>	<i>f. 1973, rådgjevar</i>
<b>Olav Emil Tennefoss Vatshelle</b>	<i>f. 1988, student/yrkessjåfør</i>
<b>Espen Harald Haga</b>	<i>f. 1975, it-konsulent</i>
<b>Roar Hallesby Evjedal</b>	<i>f. 1980, sokneprest</i>
<b>Varamedlemmer:</b>	
<b>Malin Nøss Vangsnæs-Weaver</b>	<i>f. 1987, dansekunstner/produsent</i>
<b>Inger Jonette Indset Botnevik</b>	<i>f. 1956, pensjonist (lærar)</i>
<b>Frode Qvale</b>	<i>f. 1969, lektor</i>
<b>Birk Eiken Lunde</b>	<i>f. 1999, teknisk konsulent</i>
<b>Arild Saltskår Jentoft</b>	<i>f. 1964, pilot</i>



Flotte omgjevnadar og godt humør på oppstartsmøtet. Dette lover godt for dei neste fire åra! Frå venstre: Espen Harald Haga, Malin Nøss Vangsnæs-Weaver, Roar Hallesby Evjedal, Christine Westgaard Lund Halland, Tone Steinsund Hagevik, Birk Eiken Lunde, Karl Ole Midtbø, Arild Jentoft og Inger Indset Botnevik.

Demokratiet i kyrkja har talt, og nytt sokneråd er vald inn til å representere kyrkjemedlemmane for dei neste fire åra. Samtidig takkast det forrige rådet av etter strålende innsats sidan 2019.

Kyrkjevalet 2023 var halde over heile landet på samme tid som kommune- og fylkestingsvalet i september. Osingane gjekk til stemmurnene og røysta fram sine representantar til folkestyret i kyrkja. Resultatet er ei godt samansett gruppe med både debutanter og veteraner frå tidlegare rådsarbeid, frivillig engasjement i kyrkja og brei kompetanse på ulike felt. Vi er glade for å ha engasjerte medlemmar som ynskjer å ta del i kyrkja vår!

Bente Brøvig Strømme går ut av rådet etter å ha vore soknerådsleiar dei siste fire åra. Blant dei som takkar for seg er òg Jorunn Hodneland, Arne Tveit og varamedlemmane Becky Ogwu Hesjedal, Kjell Jarle Aadland, Nils Sørbø og Thorstein Skárnes. Os kyrkjelyd vil takke for ein solid innsats frå denne gruppa!

Både avtroppande og påtroppande sokneråd vart markert under Julemessan i Tunet laurdag 25. november.

Det nye soknerådet konstituerte seg 26. oktober med ei triveleg oppstartssamling i "Mathiaskjellaren" hjå varamedlem Inger Indset Botnevik. Tone Steinsund Hagevik vart vald til ny soknerådsleiar, medan Per Gunnar Lunde Oseng held fram som nestleiar. Til representantar i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd er Olav Emil Tennefoss Vatshelle og Karl Ole Midtbø oppnemt. Dei øvrige rådsmedlemmane vil vere viktige bindeledd ut til kyrkjelydens utval og komitear knytt til ulike fag- og satsingsområde.

Tekst og foto: Sigurd Rotvik Tunestveit



Avtroppande soknerådsleiar Bente Brøvig Strømme tok imot blomehelsing frå soknerådet på møtet 26. oktober.

# ADVENT OG JUL I OS KYRKJELYD

Adventstida er full av gjeremål for mange. I kyrkjene våre inviterast du inn i eit friom der du kan finne ro og reflektere over ventetida. Detaljar og evt. billettar finn du på nett. Velkommen - du vil ikkje angre!

## OS KYRKJE

### SØNDAG 3. DESEMBER

KI. 11.00 FAMILIEGUDSTENESTE m/kyrkjekaffi i Tunet etterpå  
KI. 19.00 JULEKONSERT med Os Mannskor og Nornekoret

### TYSDAG 5. DESEMBER

KI. 12.00 ELDRETREFF med adventskonsert  
KI. 18.00 JULEKONSERT med Os Vocalis

### SØNDAG 10. DESEMBER

KI. 11.00 GUDSTENESTE m/kyrkjekaffi i Tunet etterpå  
KI. 18.00 JULEKONSERT med Os Musikkforening

### ONSDAG 13. DESEMBER

KI. 19.00 LYSMESSE med årets konfirmantar og Joinus

### FREDAG 15. DESEMBER

KI. 16.30 SKUMRINGSKONSERT med Kongshaug Musikkgymnas.  
Gratis inngang!

### LAURDAG 16. DESEMBER

KI. 16.00 JULEKONSERT med Kongshaug Musikkgymnas  
KI. 18.30 JULEKONSERT med Kongshaug Musikkgymnas  
Billettar på hoopla.no

### SUNDAG 17. DESEMBER

KI. 19.30 SOLIDARITETSKONSERT i lag med Bjørnafjorden Kulturutvikling og Solbakkestova. Inntekt til NRC (Norwegian Refugee Council / Flyktningehjelpen)

### JULAFATAN

KI. 14.00 JULEGUDSTENESTE med KOReDu  
KI. 15.15 JULEGUDSTENESTE med Joinus  
KI. 16.30 JULEGUDSTENESTE

### 1. JULEDAG

KI. 11.00 HØGTIDSGUDSTENESTE

### NYTTÅRSAFTAN

KI. 16.00 GUDSTENESTE

## NORE NESET KYRKJE

### TORSdag 30. NOVEMBER

KI. 10.00 BABYJULESONG

### TORSdag 7. DESEMBER

KI. 10.00 BABYJULESONG

### SØNDAG 10. DESEMBER

KI. 11.00 GUDSTENESTE med kyrkjekaffi etterpå

### TYSDAG 12. DESEMBER

KI. 11.30 SENIORTREFF med god lunsj og godt lag  
KI. 19.00 JULEKONSERT med Lyshornet Brass

### TORSdag 14. DESEMBER

KI. 10.00 BABYJULESONG

### TORSdag 21. DESEMBER

KI. 10.00 BABYJULESONG

### JULAFATAN

KI. 14.30 JULEGUDSTENESTE  
KI. 16.00 JULEGUDSTENESTE

### LAURDAG 6. JANUAR

KL. 16.30 JULEFEST for heile familien!

## TUNET

### TYSDAG 5. DESEMBER

KI. 10.30 JORIDS SANSETEATER på Osøyro Open Barnehage

### TORSdag 7. DESEMBER

KI. 11.30 SENIOR-KOINONIA m/Ole Abel Sveen: Julebodskapen i song

### FREDAG 8. DESEMBER

Ungdommens julegalla i Tunet - les meir på [www.ungdomstunet.net/](http://www.ungdomstunet.net/)

### FREDAG 29. DESEMBER

KI. 19.00 JAZZKONSERT "MY FAVORITE THINGS" i Storsalen



# JULETREFEST PÅ NORE NESET Laurdag 6. januar

Tradisjonen tru blir det sjølvsagt julefest i Nore Nerset Kyrkje, i år på sjølvaste heilagtrekongersdagen 6. januar. Nore Nerset kyrkje er pynta til fest, og du og dine er inviterte!



Stor stas å avslutte jula og julefesten med gå mange ringar rundt julestreet!  
(Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



Eit av årets høgdepunkt i kyrkjelyden kjem allereie den fyrste laurdagen i 2024, med feststemning for heile familien. Med stor innsats frå både Nore Nerset-utvalet og andre frivillige blir det mat, program og kvalitetstid i lag med gamle og nye vener i fellesskapen. Det blir blant anna familie-quiz, musikkinnslag og ikkje minst tradisjonell juletregang.

Vi legg opp til enkel servering av mat og drikke, og i år oppmodast dei som har lyst å bidra med noko å bite i til å melde frå i påmeldinga.

Midt i den mørkaste tida på året treng vi samlingar som lyser opp. Start året med å ta del, du vil ikkje angre!

## Laurdag 6.januar kl.16.30

Inngang: kr. 50,- for vaksne og 30,- for born, familie kr. 150,-

Påmeldingsskjema finn du på

**[www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)**

under «Påmelding til arrangement»

eller send e-post til

**[post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no)**

# Jul med Kongshaug

i Os kyrkje

Skumringskonsert 15.12. kl. 1630 (Gratis!) | Julekonsert laurdag 16.12 kl. 16 og 18.30 | Billetter på [hoopla.no](https://hoopla.no)



# JORIDS SANSETEATER

*Den fargerike veggkunsten i Storsalen utgjorde eit flott bakteppe for Jorids framsyning.*

Tysdag er Open barnehage-dag i Tunet. Det myldrar i gangen.

Barnevogner, smågråt og litt uro. Foreldre som trippar litt og ser spente ut, nokre pratar om dagens gjeremål. Kva er det vi skal få oppleve i dag?

Vi startar å gå i samla flokk frå Eldstova og innover mot Storsalen. Gradvis blir det mindre prat, før det blir heilt stille. Det er spennande... Vi går frå eit lyst rom og inn i eit mørkare rom. Vi kan sjå farga lys og vi høyrer re lydar. Alle går stille inn og setter seg på mattene som er lagt utover golvet. Jorid startar med å helse anerkjennande på alle som er der og fortsette med lyd og lyskunst. Det er fascinerande 20 minutt som små og store delar i Storsalen denne føremiddagen.

Etter at sanseinntrykka er delt, løyser gruppa seg opp og småpraten tek til att. Dei største borna får krype fritt og kjem nærmare for å sjå på lys, lukte såpe og røre seg litt. Alle myldrer og kosar seg. Nokre trekk tilbake til Eldstova og let borna leike saman i Open barnehage-miljøet der, medan andre tek seg ein trilletur i nærområdet for å få ein kvil.

*Korleis kom du på dette, Jorid?*

- Då eg arbeidde som styrar i Fridalen Åpen barnehage hadde eg lyst til å bidra med litt annleis underhaldning i tillegg til samlingsstund. Og fordi eg er utdanna barnehagelærar og har erfaring frå arbeid i barnehage sitt eg inne med ein kompetanse om kva som fengar og fasinerar dei yngste borna. Eg likar godt å arbeida kreativt og sjå kva eg kan klare å skapa. Så etter å ha testa ut ulike forestillingar på mitt publikum i Fridalen, der tilbakemeldingane var veldig gode frå både små og store, bestemte eg meg for å presentere dette for eit større publikum. Dermed var Jorids Sanseteater fødd, og dei siste sju åra har eg reist rundt gjennom "Den kulturelle beremeisen" ulike stadar i Vestland fylke. Eg har òg vore i Oslo, Skien og Stavanger med framsyningane mine. På mine reiser møter eg utrøleg fine både små og store menneske. Og den største gleda du kan ha, er å gjera andre glad!



**Sylvi Lundgren**  
Barne- og familiemedarbeidar

## Intervju med store og små deltagarar

Helene Nordeide har vore med Frida (snart 4 månader) på babysong i Tunet kvar tysdag, etter å ha fått informasjon om dette frå kyrkjelyden etter dåpen. Etter forestillinga er Frida god og trøytt etter alle inntrykka. Mor fortel at Frida fulgte godt med. Ho såg på alle lysa, så det var dét som fall best i smak. Mor og Frida pleier å være med på Babysang i Tunet hver tirsdag, etter at de ble invitert via post fra menigheten.

Iryna Kopchuk og Mia er fra Ukraina. Mia vart døypt i Os kyrkje og deretter vart dei inviterte til babysong, noko dei sette stor pris på. Mia smilte og verka i det store og heile å sette pris på sanseteateret med blant anna lyd og rørsler. Iryna seier vidare at sosialiseringa borna i mellom er svært verdifull. Born liker å møte andre born!



*Iryna Kopchuk og vesle Mia*

*Intervju og foto: Jan Frode Sandvik*



Fargesprakande innstas frå denne gjengen på Globallopet under årets Camp Vestland. F.v.: Eline, Tirl, Nora, Pia, Marel, Silje Marie og Emma Sofie.

# LEIRLIV!

Eit lite glimt frå konfirmantleirane i haust



Samling i matsalen - frå venstre Sigurd, Jakob, Fredrik, Oliver, Marius, Noah, Nicolay, Glenn Lucas, Alexander, Halvor og Adrian.



Torben og leiar Sigurd gav alt under Globallopet på Framnes i haustferien

I haustferien fekk 40 konfirmantar vera med på Camp Vestland, som KFUK- KFUM arrangerte på Framnes. 5 kjekke dagar med masse aktivitetar og konkurransar, soveposesamlingar, show, globallopp, luftmadrasser utan luft, sure sokkar, nye vene, disco, snop, leik og latter og moro.

Så var det berre nokre veker til neste leir, som gjekk til Raknestunet på Osterøy. Då tok vi med oss 75 konfirmantar, og ein haug med ungdommar som leiarar. Utruleg kjekke dagar med mykje latter, lite sovn, brannalarm, fine samlinger, aktivitet, bading i sjøen, ungdommer som byr på seg sjøve og er med å lagar gode minner for livet.

Leir er ein utruleg god arena for å bli kjent med konfirmantane og byggje relasjonar, og eit godt grunnlag for resten av konfirmantida.

Overskrifta på begge leirane var "Sett og elsa". I dette ligg det at sidan Gud har skapt kvar og ein slik dei er, så er det kanskje berre Gud som kjenner oss og ser oss fullt ut – akkurat slik vi er. Og sjølv om vi ikkje meistrar alt, og kan svikte andre og oss sjøve, så ser og veit Gud akkurat kven du er, kva du tenkjer og kva du bærer med deg. Og han vil oss berre godt, og at vi skal kjenne at vi er elsa. Kanskje kan ei slik tru etter kvart føre til at vi legg lista ned – for både oss sjøve og andre – og ser på oss sjøve og dei rundt oss med litt andre auge?



## UNGDOMSTUNET

### JOINUS (KOR, BAND, DANS, MATLAGING)

Tid: Onsdagar klokka 18.30-21

Stad: Tunet kyrkje- og kultursenter

### KRIK OS

Tid: Fredagar 18-19.30

### BLI MED PÅ SOSIALWEEKEND!

12-14.April 2024 reiser vi på tur og blir betre kjent. Bli med! Info kjem på nett!

Ungdomsarbeidar

Martin Bakke Slåttsveen

Tlf.: 976 66 456 | E-post: mb369@kyrkja.no

### HAPPENING - MØTEPLASSEN FOR DEG?

Happening er fredagskvelder med ope hus for ungdom frå 8. trinn og ut vidaregåande skule. Det blir servert mat, og vi har plass til alle - anten du vil vere med på liv og røre eller berre slappe av i lag. Her er du velkommen!

Tid: Annankvar fredag klokka 20-23

Stad: Tunet kyrkje- og kultursenter

Les meir og følg oss på



@ungdomstunet

| www.ungdomstunet.net |



/ungdomstunet



Her er nokre utsagn frå konfirmantane etter haustens leirar:

**"Veldig gøy leir, og eg likte det veldig godt"**

**"Det var gøyere enn eg trudde"**

**"Eg syns at leiren kanskje kunne vore litt lengre..."**

**"Eg syns undervisninga var bra og ikkje alt for kjedelig."**

**"Kan vi reise på ein leir til, sammen med denne gjengen?"**

**"Vi måtte våkne litt for tidlig på morgonen."**

**"Har vært superkoselig :-) litt trist å reise heim!"**




**Gro Helen Blindheim Skjælaaen  
Kateket**



**Møte  
Merkedag  
Minnesamvær**

## **Leig lokale i Tunet!**

Informasjon og prisar får du ved  
å ta kontakt på [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)  
eller telefon 56 57 24 00



# OPPSTARTSPRAT



## Ine Sofie Moen er vår nye frivillig-koordinator og konsulent!

Ine tok til i jobben i september og har allereie blir godt kjent med mange av dei faste frivillige i kyrkjelyden. Dei fyrste månadane har ho samarbeidd intenst med julemesse-komiteen. Ho er utdanna innan organisasjon og leiing og skal òg bidra som konsulent i administrasjonen vår.

### - Kan du fortelle litt om deg sjølv?

- Eg heiter Ine Sofie Moen, er 24 år gammal og kjem frå Trondheim. Sommaren 2022 greidde sambuaren min å lokke meg til Os, og her har eg budd sidan.

### - Kva gler du deg til i den nye jobben?

- Det beste med min nye jobb har vore hyggelege kolleger og varierte arbeidsoppgåver. Eg gler meg til fortsettinga!

### - Og så den klassiske utfordringa: Beskriv deg sjølv med tre ord!

- Då må det bli rettferdig, omsorgsfull og morsom (av og til).

### - Høyres bra ut! Kva likar du å koble av med når du har fri?

- Når eg har fri finn du meg på treningsenteret, ute på tur eller heime på sofaen.

## Vibeke Stang er i gang som ny trusopplæringsmedarbeiter!

Vibeke er tilsett i vikariat som trusopplæringsmedarbeidar med fokus på aldersspennet 0-12 år, og tok til i jobben i oktober. Så langt har ho vore med å planlegge og gjennomføre adventssamlingar for 3-åringane, og lagt grunnlaget for spennande tiltak som Tårnagent-helg, "Heilt førsteklasses" og påskevandringa "Opplev påsken", som skal arrangerast til våren.

### - Hei, Vibeke! Kven er du?

- Eg heiter Vibeke og er oppvokst på Halhjem. Eg er utdanna barnehagelærar og har jobba i barnehage i 7 år. Og så er eg gift og har fire barn.

### - Kva har vore det beste med din nye jobb så langt?

- No har eg ikkje jobba så lenge som trusopplærar enå, men det er veldig kjekke kolleger her, og så er det godt å ha god tid til å planlegge kjekke og koselige aktivitetar for borna, det syntes eg er kjekt.

### - Kan du beskrive deg sjølv med tre ord?

- Blid, løsningsorientert og spontan.

### - Og kva gjer du helst på fritida?

- Når eg har fri likar eg å bruke tida sammen med familien min.

Ei glede å ha dykk med på laget, Ine og Vibeke! Velkommen til oss!



Tekst: Sigurd Rotvik Tunestveit

# Sokneprestens hjørne

Gud, dine englar sang om fred på jorda. Barnet i krubba er Fredsfyrsten for oss og heile verda

Vi bed om fred i alle hjarte og i alle heimar. Vi bed om fred over nabolag og lokalsamfunn, over skulane våre og arbeidsplassane våre. Vi bed om fred mellom nasjonar og folkegrupper.

Lat fred og forsoning breie seg i bygda vår, over heile Noreg og i alle land. Lat stadig nye menneske møta Jesus og følgje han på fredens veg. Gud, vi bed.

Kanskje kjenner vi at vi ikkje klarar å be med full overtyding. Men vi kan i alle fall be i trass, for når alle andre lys sluknar, kvar skal vi snu oss, om ikkje til han som blir kalt Fredsfyrste, han som er lyset i verda, lyset som skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunnet det (Jfr Jes 9, Joh 1 og 8). Eg ønskjer alle ei fredfull og velsigna julehøgtid.

**Roar Hallesby Evjedal**  
Sokneprest



# JULEMESSE I TUNET

## Vinnarar frå boklotteriet

Gevinst	Vinnar
1. Tur med Danskebåten for inntil 4 personer (Fjordline)	Jorunn Hodneland
2. Herresykkel	Kari Erna Haukeland
3. Damesykkel	Lill-Karin Wallem
4. Juniorsykkel	Ludvik Hodneland Sundfjord
5. Juniorsykkel	Marianne Hanssen
6. Dukke med klede	Kitty Øxnevad
7. Håndbrodert juleduk	Hans Einar Markhus
8. Måleri av Bente Brøvig Strømme	Marius Lund Halland
9. Årsabonnement Os&Fusaposten	Torqeir og Gro Helen Skjælaaen
10. Premium medlemskap Aktiv365 (3 månader)	Eirik Øen
11. Trafikalt grunnkurs (Os/Byens trafikkskole)	Marte Bjørge-Torkelsen
12. Lego City: 60379	Liss Wold
13. JBL Charge 5 høgtalar	Øivind Gjerde
14. Verktøysett	Per Gunnar Lunde Oseng
15. 2 stk. fribillettar på Den Nationale Scene	Knut Hernes Havåg
16. 2 stk. billettar til "Drømmen om en hvit jul" på Oseana	Wenche Torsvik
17. 4 stk. kinobilletter på Lagunen kino	Harald Geir Haga
18. Gåvekort, Livskvalitet ski- og sykkelverkstad	Oddvar Sandtorv
19. Gåvekort, Livskvalitet ski- og sykkelverkstad	Marte Ingvild Stordal
20. Gåvekort, Livskvalitet ski- og sykkelverkstad	Kjell Aadland
21. Stormkjøkken	Kjetil Barman
22. Hengekøye	Adele Lien
23. Tacosett	Herborg Dyrdal
24. Gåvekort, Havnechefen	Anne Fimreite
25. Gåvekort, Café glede	Hans Einar Markhus
26. Gåvekort, Peppes Pizza	Randi Bakke
27. Lappemaskin	Ingfrid Åse
28. Fiskesett for barn	Teresa Stakkeland
29. Gåvekort Lagunen Storsenter	Henrik Sælen

Laurdag 25. november var Tunet tradisjonen tru breiddfullt av glade menneske, graut og gevinstar. Kvart år samler julemessan kyrkjelyden til førjulsaktivitet, mat og fellesskap - og eit betydeleg overskot går rett inn i tilboda våre for barn og unge.

Våre eigne kor KOReDu og Joinus spelte frå scena, i tillegg til kjempefint innslag med elevar frå Kuventræ barneskule. Programmet hadde òg plass til ein takk til det avtropande soknerådet, og ein introduksjon av det nye rådet som nett har starta sin fireårs-periode.

Hjarteleg takk til alle gode krefter i kyrkjelyden som sytte for ein innhaldsrik dag! Overskotet vart solid og resultatet er endå ikkje heilt klart, men julemessan vil i år som tidlegare gje store tilskot til eit mangfaldig og inkluderande barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden i året som kjem.

Velkommen att til neste år!

Arr. Os sokneråd v/julemessekomiteen

## Takk for gode bidrag frå våre samarbeidspartnarar:

Livskvalitet



LIVSKVALITET\_SYKKEL\_OG\_SKI

## Os & Fusaposten

Nett | Papir | Podkast | TV



 OS/BYENS  
TRAFIKKSKOLE

  
akt 365 V  
- trening og spa

  
fjordline.com

# Os kyrkjelyd vinterkalender

Napp ut og heng opp!

MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	T
<b>1</b> <i>januar</i>	<b>2</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i>	<b>3</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>4</b>
<b>8</b> Speidaren	<b>9</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Eldretreff <i>Kløvertun</i>	<b>10</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>11</b>
<b>15</b> Speidaren	<b>16</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	<b>17</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>18</b>
<b>22</b> Speidaren	<b>23</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i>	<b>24</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>25</b>
<b>29</b> Speidaren	<b>30</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	<b>31</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>1</b> <i>febr</i>
<b>5</b> Speidaren	<b>6</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Eldretreff <i>Kløvertun</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i>	<b>7</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>8</b>
<b>12</b> Speidaren	<b>13</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	<b>14</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>15</b>
<b>19</b> Speidaren	<b>20</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i>	<b>21</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>22</b>
<b>26</b> Vinterferie	<b>27</b> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	<b>28</b>	<b>29</b>
<b>4</b> Speidaren	<b>5</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Eldretreff <i>Kløvertun</i> Heilt førsteklasses!	<b>6</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>7</b>
<b>11</b> Speidaren	<b>12</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Heilt førsteklasses!	<b>13</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>14</b>
<b>18</b> Speidaren	<b>19</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Heilt førsteklasses!	<b>20</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>21</b>
<b>25</b> Påskeferie	<b>26</b>	<b>27</b>	<b>28</b> Skjærtors ♂
<b>1</b> 2. påskedag Smievågen 12 (Friluftsgudsteneste) <i>april</i>	<b>2</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Heilt førsteklasses!	<b>3</b> Strikk til Tunet JoinUs	<b>4</b> Undretu

Sjå nettsidene [www.kyrkja.no/os!](http://www.kyrkja.no/os/) for oppdateringar, påmelding og detaljar!

ORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
Babysong Nore Neset	<b>5</b>	<b>6</b> Juletrefest Nore Neset kyrkje	<b>7</b>  <i>Os 11</i>
Babysong Nore Neset KOReDu ShubaDubs	<b>12</b> KRIK Happening	<b>13</b>	<b>14</b>  <i>Os 11</i> Minns du sången? Nore Neset kyrkje
Babysong Nore Neset Senior-Koinonia KOReDu Tweens	<b>19</b> KRIK	<b>20</b>	<b>21</b>  <i>Os 10 + 11.15</i>  <i>NN 19</i>
Babysong Nore Neset ShubaDubs TiTT - Torsdag i Tunet	<b>26</b> KRIK Happening	<b>27</b>	<b>28</b>  <i>Os 11</i>
Senior-Koinonia KOReDu Tweens <i>uai</i>	<b>2</b> KRIK	<b>3</b>	<b>4</b>  <i>NN 11</i>  <i>Os 11</i> Søndagssamling
Babysong Nore Neset KOReDU ShubaDubs	<b>9</b> KRIK Happening	<b>10</b>	<b>11</b>  <i>Os 11</i>
Babysong Nore Neset Senior-Koinonia KOReDu Tweens	<b>16</b> KRIK	<b>17</b> "Tårnagenter" Os kyrkje	<b>18</b> Fastelavn  <i>NN 11</i>   <i>Os 11</i>
Babysong Nore Neset KOReDU   ShubaDubs TiTT - Torsdag i Tunet	<b>23</b> KRIK Happening	<b>24</b>	<b>25</b>  <i>Os 10 + 11.15</i>
Senior-Koinonia <i>mars</i>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>  <i>NN 11</i>
Babysong Nore Neset KOReDU ShubaDubs	<b>8</b> KRIK Happening	<b>9</b>	<b>10</b>  <i>Os 11 (Søndagssamling)</i>
Babysong Nore Neset Senior-Koinonia KOReDu Tweens	<b>15</b> KRIK	<b>16</b>	<b>17</b>  <i>NN 11</i>  <i>Os 11</i> Fasteaksjonen 2024
Babysong Nore Neset KOReDU   ShubaDubs Opplev påska Os kyrkje TiTT - Torsdag i Tunet	<b>22</b> KRIK Happening	<b>23</b>	<b>24</b> Palmesundag   <i>Os 11</i>
dag <i>NN 19 (Nattverdsmåltid)</i>	<b>29</b> Langfredag  <i>Os 12</i>	<b>30</b>	<b>31</b> 1. påskedag  <i>Os 11</i>
Babysong Nore Neset for fireåringar Os kyrkje KOReDU   ShubaDubs	<b>5</b> KRIK Happening	<b>6</b> Basar "Strikk til Tunet"	<b>7</b>   <i>Os 11 (Utdeling av fireårsbok)</i>  <i>NN 11</i>



# STØTT VÅRE ANNONSØRAR!

## NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPLASS & MISJON

Opningstider: Måndag stengt, tysdag-fredag 11-17, laurdag 11-15

**Her finn du det meste - til ein rimelig pris!**

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis Interøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

**MILJØ MØTEPLASS MISJON**

Følg oss på Facebook "NMS Gjenbruk Os"

Sag og høvel  
**DRANGE BRUK AS**

Høvel- og skurdlast  
Panel - tister - golv  
Trykkimpregnerte materialar

**ALT TIL GUNSTIGE PRISAR**

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER

## GRAVMINNER

Løvaas Naturstein



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen  
Man-fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.  
[www.lovaasnaturstein.no](http://www.lovaasnaturstein.no)

**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os  
Tlf. 56304300  
e-post: [os@travelnet.no](mailto:os@travelnet.no) | [www.verden.no](http://www.verden.no)



## Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:  
**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, [elek-3@online.no](mailto:elek-3@online.no)

DRENERING • MURING • SPRENGING

**BOTNEVIK**

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

# Os Gravferdsbyrå as

**Døgntelefon**  
**56 57 49 50**  
Jorunn Moberg  
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

Os kyrkjeblad trykkast i over 9000 eksemplar og sendast m.a. til alle heimar i Os.

## Annonse?

Informasjon og prisar får du ved å ta kontakt på [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no) eller telefon 56 57 24 00

# Kyrkjecryss

Forrige løysingsord var "Huset med høgt spir og låg terskel. Midt på Øyro midt i livet", og vinnar vart Harald Søfteland. Gratulerer! Send løysinga til post.os@kyrkja.no og ver med i trekninga av ei premie!



FABRIKK		STREKENE LEIAREN		EKTE VÅGHALS	TURVEG BRYGGE			SVANGER AUGEDEL		PLUSS TANKE	VERKTØY
FUGLEHUS SPISS								STRENG UNG SJAFØR			
				DIFFUS MORENE							
STELE		SALER REIM	REGN INDISK GRYTE	SAMBAND FILOSOF STRYK				GUDS ÅR			VERN
I ÅR											
NORE NESET 6. JAN									SPISS-ØYRE FORTSETTINGANE		
SKRIK		FALA...	AMBISSJON	COACH FRYDER	SOVETID RØRE			SKJERM-BREV		EL-AVFAELL MODELLANE	
		FRAMLEIS		KLAG-ETE							
BIBELSK KVINNE			STAGGE HØG MUSIKK	DRYPANTE PÅ PROVÉ			UTGAVE				SNES FYRSTE-PERSON
LEIING							MÅLE-EINING MÅLVAKT	INNRAMME OPPTØYER			
VESLEGUT		SONINGS-FORM									
SVING FRÅ DESSE TRAKTER		OPP-HAV RUSTA	LABB	BYDEL OSLO		MUSIKK-GYMNAS					
				BERGINGS-REIM KJØLNA	KORREKT OPP-DRAGA						
MAT			GÆLISKE WOW			MÅLE-EINING STYRE		LITE GODT LITER		BESTI KLASSEN KRAGE	
LKE EINS				DINGLA EMBETS-MANNEN		MERK ALDERS-TEIKN		SLITAST			
DIONETT		TÅRN-TEINNAR			VÄG-HALS				ÅRET TRENDY		
						RØYSK	SPRÅK	ARVE-STOFF UTD. INST.	ÅS	BELEGG ANKER	
DRIKK ELVEBANKEN PAPUA			VEKSTANE HOVUD-STAD					DANSK JULEMAT FRANSK JUL		FORRESTEN AKVARIET	
KANYE SKRIKE				SIPP-INGA							
APPARAT				SIST UJAMN	GRANNE						
DRIKKEN			STIG				DIA-METER	FINST			
			LINA			REP-TIL					
								EIN AV SJU SLAG			

Har du lyst på ein meiningsfull kvardag?

Bli frivillig i kyrkja!

DEN NORSKE KYRKJA  
Os sokn

Har du lyst til å ønske folk velkommen til gudsteneste i Os kyrkje eller Nore Neset kyrkje?

Vil du arrangere kyrkjekaffi etter gudstenesta?

Kunne du tenke deg å hjelpe til under minnesamvær eller andre arrangement i Tunet?

Du vel sjølv kor ofte du vil bidra. Ein gong i veka, ein gong i månaden, ein gong i året.

Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

Ine Sofie Moen, Frivilligkoordinator  
E-post: im763@kyrkja.no Mobil: 98 40 61 11





Daniel Røksund  
938 26 432



Alexander Olsen  
473 80 260

# Vi kjenner Os

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi love deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.



Kom innom vårt  
kontor i Os sentrum



Ring oss  
915 05560



Kontakt oss på  
[emvest.no](http://emvest.no)

Kom innom  
kontoret vårt  
i Os sentrum.



EiendomsmeglerVest

# Salmeskatten Salme 38 - Mitt hjerte alltid vanker

Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom,  
der samles mine tanker som i en hovedsum.  
Der er min lengsel hjemme, der har min tro sin skatt;  
jeg kan deg aldri glemme, velsignet julenatt!

Den mørke stall skal være mitt hjertes frydeslott,  
der kan jeg daglig lære å glemme verdens spott.  
Der kan med takk jeg finne hvori min ros består,  
når Jesu krybbes minne meg rett til hjerte går.

Men under uten like, hvor kan jeg vel forstå  
at Gud av himmerike i stallen ligge må!  
At himlens frys og ære, det levende Guds ord,  
skal så foraktet være på denne arme jord!

Hvi skulle herresale ei smykket for deg stå?  
Du hadde å befale alt hva du pekte på.  
Hvi lot du deg ei svøpe i lyset som et bånd,  
og jordens konger løpe å kysse på din hånd?

Hvi lot du ei utspenne en himmel til ditt telt  
og stjernefakler brenne, å store himmelhelt?  
Hvi lot du frem ei lyne en mektig englevakt,  
som deg i silkedyne så prektig burde lagt?

En spurv har dog sitt rede og sikre hvilebo,  
en svale må ei bede om nattely og ro,  
en løve vet sin hule hvor den kan hvile få -  
skal da min Gud seg skjule i andres stall og strå?

Akk, kom, jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn  
og full av lengsel sukke: Kom, Jesus, dog herinn!  
Det er ei fremmed bolig, du har den selv jo kjøpt,  
så skal du blive trolig her i mitt hjerte svøpt.

Jeg gjerne palmegrene vil om din krybbe strø,  
for deg, for deg alene jeg leve vil og dø.  
Kom, la min sjel dog finne sin rette gledes stund,  
at du er født herinne i hjertets dype grunn!



**Anna Cecilie Norlund Oksavik**  
Organist

Salmen "Mitt hjerte alltid vanker" er nummer 38 i Norsk salmebok. Teksten er skriven av Hans Adolph Brorson fra Danmark i 1732. Melodien er ein svensk folketone frå Vestergötland som er blitt tilpassa teksten.

Salmen skildrar mysteriet i julebodskapen. Brorson tek oss med inn i stallen. Han undrar seg over Jesus som Gud og menneske. Vi får eit glimt av det store underet, at "Gud i himmerike i stallen ligge må" i jula. Til å byrje med er teksten full av undring og lengsel. I dei to siste strofene er det eit svar og eit håp. Brorson opnar hjartet sitt for Jesus og tar Han inn i hjartet sitt. "Kom la min sjel dog finne sin rette gledesstund, at du er født her inne i hjertets dype grunn." Vi kan opne opp hjartet vårt for Jesus. Han er lyset i verda, og han kom til frelse for oss alle.

**GRAVMINNEN**  
Stor salgsutstilling av  
nye monumerter  
Tilføyelser / Oppussing



EIKNER 1908 100ÅR 2008

**STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN  
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
Tlf. 55 98 70 00

## SOLIDARITETSKONSERT



**SØNDAG**  
**17.12.23**  
**KL**  
**19.30**  
**I OS**  
**KYRKJE**

- \* MIGHTY MAGNOLIAS
- \* EIRIK SØFTELAND
- \* ANNA NESET
- \* TETIANA SOROCHAN
- \* RES ERIK ROLLAND, ØYSTEN OG GUNNAR ENGEVIK
- \* VICTORIA BAKKA
- \* LEIF ØSTREM
- \* SOLOMIYA OG NAZAR ROMANYSHYN
- \* MICHAEL CLEMENTE LEKVEN
- \* JAN HAALAND

KONFERANSIER: Marie Bruarøy



**VIPPS**  
**778490**

**KONSERTEN ER GRATIS,**  
**INNSAMLA PENGER**  
**GÅR TIL STØTTE SOM GIS TIL**  
**FLYKTNINGHJELPEN NRC.**

Arrangør Os Kulturutvikling, Os Kyrkjelyd og Galleri Solbakkestova

**ADVENTKONSERT**  
OS KYRKJE 5. DESEMBER KL 12:00  
og SAMLING I KLØVERTUN ETTERPÅ

Musikk frå 2. klasse ved Kuventræ skule,  
organist Anna Cecilie N. Oksavik og Grethe  
Inger Berge  
Andakt ved Svante Havåg  
God mat og samvær i Kløvertun etter kon-  
serten. **Vel møtt!**

# Frå kyrkjebøkene



## Døypte

### Velkommen i kyrkjelyden!

#### 13. august

Maja Kvalheim Laugen  
Sebastian Haugland Haukås  
Lilly-Petunia Gripsgård Bjørset  
Ada Hjortland Moberg

#### 20. august

Pernille Aasen Veland  
Ella Skorpen Palmér  
Oscar Anton Skåernes  
Brede Liseth  
Tuva Halhjem  
Alfred Wagstaff Waage

#### 27. august

Noah Askvik

#### 3. september

Noah Sydnes Børdal  
Leander Sydnes Børdal  
Oscar Kildal Søfteland  
Mia Kvamme-Nevland

#### 10. september

Emma Aga Riise  
Ingrid-Sofie Håvardstun Kvittingen

#### 17. september

Tomine Småbrekke Rabben  
Pernille Langeland  
Oliver Martinsen Drevassbukt  
Even Kjellevold Frotveit

#### 1. oktober

Sofie Thorsvik Størksen  
Johanne Olstad  
Tiril Engeseth Skjeldal  
Frida Henriksen  
Tiril Balland Dreyer

#### 8. oktober

Emrik Nåmdal  
Emmeline Blom Reite  
Markus Austevoll  
Millie Austevoll  
Amalie Meidell

#### 15. oktober

Otilia Løver Tellefsen  
Isak Haug  
Emil Haug  
Frida Linga Kolbeinsen

#### 29. oktober

Konrad Bjoarvik  
Isak Hjertholm Smaadal  
Marie Fjærtoft Mongstad

#### 5. november

Andreas Nokland  
Madli Furnes Samuelsen  
Selma Sleen Haga  
Tobias Pihl

#### 12. november

Benjamin Haagensen Midtsæter  
Lovisa Karlström Gjerdevik  
Ludvik Ottesen Waagen  
Theodor Kolskogen Aasen



## Vigde

### Gratulerer med kjærleiken!

#### Os kyrkje 19.august

Renate Helland & Øystein Hjelle  
Gunn Monica Dalåmo & Karl Robert Røttingen

#### Moldegård 19. august

Renate Ejankowski Eidsvåg & Thomas Håland

#### Os kyrkje 2. september

Marte Fjellteit & Benjamin Fimreite  
Yvonne Dregelid & Andreas Egge Døsen

#### Os kyrkje 14. oktober

Erin Brekke Koltveit & Kristian Rosvold

#### Lysekloster kapell 14. oktober

Elin Fluge & Tom Stian Bjerke Magnussen

#### Fjellhallen, Solstrand fjordhotell 14. oktober

Kristina Røttingen & Karl Ole Daviknes Lyngbø



## Døde

Kristoffer Engevik  
05.09.1928-19.09.2023

Arne Karsten Totland  
17.04.1938-27.10.2023

Olav Vårdal  
07.09.1933-21.09.2023

Ågot Berge  
02.03.1930-29.10.2023

Bente Thomas  
22.02.1955-23.09.2023

Magne Askvik  
16.03.1935-30.10.2023

Kaja Van Flandern  
13.05.1945-26.09.2023

Ingvald Johannes Røttingen  
06.02.1960-02.11.2023

Lars Ole Rød  
21.02.1934-29.09.2023

Gunnar Ole Savland  
06.11.1942-04.11.2023

Åge Johan Solbakken  
29.08.1946-30.09.2023

Johannes Martin Nordvik  
21.11.1931-04.11.2023

Elisabeth Hjertholm  
22.10.1942-26.08.2023

Ingeborg Tangerås Haugland  
20.09.1922-10.10.2023

Anna Marie Lundgren  
14.10.1937-03.09.2023

Eldrid Stensland  
05.08.1947-08.11.2023

Gudrun-Elisabeth Sandven Lindbord  
15.07.1963-09.09.2023

Lennart Kåre Bratheim  
03.11.1939-09.11.2023

Nina Elizabeth Clark  
11.12.1958-11.09.2023

Kvil i fred  
Karl Walle  
19.02.1943-23.10.2023

Astrid Olaug Pettersen  
28.10.1937-17.09.2023

Kari Lunde  
23.07.1946-25.10.2023

### Innsamla offergåver sidan 06.08.23

Dato	Takkoffer til	Beløp
06.08.23	Tunet	Kr 3957
13.08.23	IKO	Kr 6905
20.08.23	Strømmestiftelsen	Kr 4707
27.08.23	Eigen kyrkjelyd	Kr 2739
03.09.23	Tunet	Kr 4919
10.09.23	Kristen Idrettskontakt - KRIK	Kr 7522
17.09.23	Norsk Søndagsskoleforbund	Kr 7522
24.09.23	NMS	Kr 8268
01.10.23	Eigen kyrkjelyd	Kr 4890
08.10.23	Tunet	Kr 6676
15.10.23	Eigen kyrkjelyd	Kr 3861
22.10.23	Kongshaug Musikkymnas	Kr 32 869
29.10.23	Vake	Kr 4020

## KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

## PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90

 **JERNIA**  
www.jernia.no

## OS HAGESERVICE

alt innen hage

Vi lager hageplan,  
murer, legger stein,  
lager plen og planter  
busker og trær.

56 57 66 77    99 00 80 80  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no)





 DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd - Tilsette

#### Sokneprest

Roar Hallesby Evjedal  
Tlf: 934 42 968 | E-post: re674@kyrkja.no

#### Kapellan

Anette-Emilie Gangstø (permisjon)

#### Prostiprest

Svante Havåg  
Tlf: 922 47 639 | E-post: sh226@kyrkja.no

#### Fung. kyrkjeverge

Hans Einar Markhus  
Tlf: 959 36 580 | E-post: hm629@kyrkja.no

#### Dagleg leiar

Sigurd Rotvik Tunestveit  
Tlf: 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no

#### Kantor

Irina Tarasova  
E-post: it698@kyrkja.no

#### Diakon

Ingrid Vik  
Tlf: 450 51 212 | E-post: iv588@kyrkja.no

**Konsulent økonomi/ gravplassforvaltning**  
Monica Refsdahl  
Tlf: 456 52 830 | E-post: mr346@kyrkja.no

#### Konsulent utleige/ resepsjon

Inger-Johanne Haugland  
Tlf: 457 13 710 | E-post: ih985@kyrkja.no

**Frivilligkoordinator, administrativ konsulent**  
Ine Sofie Moen  
Tlf: 984 06 111 | E-post: im763@kyrkja.no

#### Kateket

Gro Helen Blindheim Skjælaen  
Tlf: 452 78 575 | E-post: gs234@kyrkja.no

#### Barne- og familiearbeidar

Sylvi Lundgren  
Tlf: 475 04 327 | E-post: sl828@kyrkja.no

#### Trusoplæringsmedarbeidar

Vibeke Stang  
E-post: vs653@kyrkja.no

#### Ungdomsleiar

Martin Bakke Slåttsveen  
Tlf: 986 66 456 | E-post: mb369@kyrkja.no

#### Driftsleiar

Kenneth Molland  
E-post: km893@kyrkja.no

#### Kyrkjegardsarbeidar, kyrkjetenar

Agnar Midtsæter  
Lars Joar Hilleren  
Linn Kjerstin Østgulen  
Terje Rød

#### Kyrkjegardsarbeidar

Marianne Tveit  
Øyvind Dreyer

#### Kyrkjetenar

Jakob Nygard  
Hanne Dahl  
Ludvik Hodneland Sundfjord  
Marie Hallesby Evjedal

## Vinnrar frå Misjonsmessa i Tunet 28. oktober

Gevinst	Vinnar
Dokke med seng og klede	Målfrid Haga
iPad	Sigbjørn Grønås
Koffert	Nelly Øvredal
Halvtønne frå Tønnegården	Torill Moberg
Tursek	Torgeir Riska
Vevd ullpledd	Yngvild Bjørnevik
Grytesett	Astrid og Gisle Enstad
Gåvekort frå Capri	Gunn Strømme
Vaffeljern	William Lunde Kongsvik
Strikka teppe	Britt Reidun Storlid
2 stk Rocs lykt /lys	Anne Marie Solsvik
Quiltet lopar	Helge Hagevik
Brettspel	Rune Skjælaen
Gåvekort Plantasjen	Torgeir Riska
Velværepakke	Peter Sørås Bjørnevik
Strikka damegenser m/ lue	Bente Brøvig Strømme
Strikka barnegenser, Islender	Jakob Haugland Kleppe
Stavmiksar	Grete Våge
Strikka barnegensar	Laurits Hodneland
Gåvekort NMS Gjenbruk	Irene Hunshamar

Takk til alle som gav gevinstar!  
Takk til alle som selde og kjøpte lodd!  
Takk til alle som på ulike måtar var med å gjennomføre basaren!  
Takk til alle som kom på Misjonsmessa - vi sjåast neste år!


Messekomiteen og styret i Fellesforeningen for NMS i Os



# BARNAS

## Prikk til prikk

Trekk ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



## Hjelp dei vise menn!

Hjelp dei vise menn å finne vegen til det vesle Jesus-barnet.



## Vits


- Kan eg få ein hund til jul, pappa?
- Nei, i år blir det ribbe, som vanleg!

## Fargeleggi!




Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

## Finn fem feil!



Her er Jesus, Maria og Josef. Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvene er  
henta fra bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 03 71 00



Teikning: Alessandro Coppola og Lorenza De Luca

# Kjære lesar!

Har du bladd heilt hit, er du kanskje interessert i ei aktiv og levande kyrkje for alle i Os?

Kan hende er du blant dei mange som bidreg, anten praktisk eller økonomisk, til kyrkjelyden sitt arbeid allereie?

Hugs at du får skattefrådrag for gåver inntil 25000 kroner i året til gode formål. No mot slutten av året vil vi difor oppmode deg som har høve, til å gje ei gave til Os kyrkjelyd.

Det kjem mange til gode!

**VIPPS til #786791**

Om du ynskjer kan du starte det nye året med å bli fast gjevar til kyrkjelyden med eit valfritt månadleg beløp ved å scanne denne koden →



**På vegne av alle i kyrkja: Tusen takk!**

## Kvittering

Innbetalt til konto

3201 53 26254

Beløp

VALFRITT!

Betaleren kontonummer

Blankettnummer

Bladpengar for Os kyrkjeblad,  
til dømes kr. 300,-

GIRO

Underskrift ved girering

Betalingsfrist

Betalt til

**Kyrkja vår!**

Belast  
konto



Kvittering  
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

3201 53 26254

# INFORMASJON

**Reparere**  
 Stable stolar  
 Moppe  
 Reparere  
**Vertskap**  
 Leksehjelp  
 Assister  
**Bake**  
 Dele ut program  
 Pynte  
 Moppe  
 Heise flagg  
 Motivere  
 Leir-leiar  
**Trakte kaffi**  
 Selge  
 Iodd  
**Språkkafé**  
 Assistere  
**Vedlikehalde**  
 Organisere

**Be Rigge**  
 Dirigere kor  
 Sitte i utval  
**Skysse**  
 Dele ut program  
 Pynte  
 Heise flagg  
**Motivere**  
**Leir-leiar**  
**Nattevakt**  
**Barnesamling**  
**Språkkafé**  
**Humørspreder**  
**Samle inn**  
**Filme**

**Os kyrkjelyd**  
 Postboks 209  
 5202 Os

**Kyrkja bygger vi i lag.**  
**Det er bruk for deg!**

Os kyrkje			24. mars	11:00	Palmesøndag. Familiegudsteneste. Dåp
3. desember	11:00	Familiegudsteneste. Dåp. Nattverd.	29. mars	12:00	Langfredagsmesse
10. desember	11:00	Dåp. Nattverd	31. mars	11:00	Påskedag. Nattverd
13. desember	19:00	Lysmesse med konfirmantar og Joinus	7. april	11:00	Familiegudsteneste. Nattverd
Julaftan	14:00	Gudsteneste	14. april	11:00	Nattverd
	15:15	Gudsteneste	21. april	11:00	Dåp. Nattverd
	16:30	Gudsteneste	28. april	10:00	Dåpsgudsteneste
1. juledag	12:00	Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd.		11:15	Nattverd
Nyttårsaften	16:00	Dåp. Nattverd	Nore Neset kyrkje		
7. januar	11:00	Dåp. Nattverd	10. desember	11:00	Dåp. Nattverd.
14. januar	11:00	Nattverd	Julaftan	14:30	Gudsteneste
21. januar	10:00	Dåpsgudsteneste		16:00	Gudsteneste
	11:15	Nattverd	21. januar	19:00	Nattverd
28. januar	11:00	Dåp. Nattverd	4. februar	11:00	Dåp. Nattverd
4. februar	11:00	Nattverd	18. februar	11:00	Dåp. Nattverd
11. februar	11:00	Nattverd	3. mars	11:00	Dåp. Nattverd
18. februar	11:00	Familiegudsteneste m/"Tårnagenter". Dåp	17. mars	11:00	Dåp. Nattverd
25. februar	10:00	Dåpsgudsteneste	5. mars	11:00	Dåp. Nattverd
	11:15	Nattverd	28. mars	19:00	Skjærtorsdag. Nattverdsmåltid
10. mars	11:00	Søndagssamlings-gudsteneste. Dåp. Nattverd	Smievågen		
17. mars	11:00	Nattverd	1. april	12:00	2. påskedag. Friluftsgudsteneste